

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.-22.11.2018**

### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

Fylkestinget tek *Kvalitetsmelding vidaregåande opplæring 2017/18* til orientering.

Utval for opplæring og helse er bekymra over den høge andelen av voksne som mobbar i Hordaland fylkeskommune sine skoler på enkelte fagområder. Vil peike på endringane i opplæringslova kap 9A som er at det er lovfesta krav om at skolen skal ha nulltoleranse mot mobbing, etc. Eleven har ein individuell rett til eit trygt og godt skolemiljø. Då er det viktig med tydelege vaksne i skolen.

Ber fylkesrådmannen om ei orientering i komande utvalsmøte om kva tiltak som er satt i gang og korleis slike saker blir håndtert.»

Mange ungdomar frå Etne går på vidaregåande skule i Rogaland, framfor alt Ølen Vgs. Utval for opplæring og helse ynskjer å få framlagt notat om «kvalitetsmelding» for Ølen Vgs., evt. andre vidaregåande skular i Rogaland med mange elevar frå Hordaland.